

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref.:
201005093-10

Dykkar dato:
28.11.2017

Vår ref.:
30-F/16swb

Vår dato:
10.03.2017

Småkraftpakke, Voss kommune, høyringsuttale

Me syner til dykkar brev med ref. 201005093-10 med invitasjon til å gje høyringsuttalar til i alt 7 søknadar om småkraftverk i Voss kommune. Sakene skal handsamast samtidig, og samla belastning skal vurderast i saka. 4 av dei 7 søknadane gjeld kraftverk som ligg nær Fjellheimen villreinområde.

Villreinnemnda sin representant frå Voss kommune, Randi Engelsen Eide, var tilstade i ope møte om saka på Tinghuset på Voss 31.01.2017. Villreinnemnda handsama saka i møte på Bjøberg 27.02.2017. Det vart samrøystes vedteke å gje ei uttale som gjaldt dei 4 småkraftverksplanane som har inntak så nær Fjellheimen villreinområde at tiltaket kan ha verknad for villrein. Dette er Storagroe kraftverk, Tverrelvi kraftverk, Bjørndalen kraftverk og Togrovi kraft. Nemnda vil ikkje setje seg imot at det vert gjeve konsesjon, men vil be om konkrete omsyn for å sikre at dyr ikkje vert uroa unødige. Særleg er det viktig å ta omsyn til simler med kalv vår og forsommar.

Ytre grense på Fjellheimen villreinområde i høve berekning av jaktkvote (valdgrense) ligg på 700 moh. Reinen kan nytte område også under denne høgda i periodar. Dyra nyttar gjerne fjellbjørkeskog og stølsområde under skoggrensa frå den første uttinga og utover vår og forsommar. Rein kan og gå ned i skog om hausten, særleg etter sopp. I periodar med sterk ising av vinterbeita i snaufjellet kan dei og søke ned i skog for å få tak i lyng og beite lav frå tree. Den viktigaste bruken av areal under skoggrensa er likevel vårbeite.

4 av planane for småkraftverk vil få inntak i fjellnære skogsområde oppunder den delen av villreinområdet som vert kalla Volaområdet. Det vil ikkje verte inntak inne i villreinområdet, men tiltaka vil medføre anleggsaktivitet innanfor bjørkebeltet under. Lisida over Togrovi er kjend som beiteområde og registrert i naturbase. Også i Bjørndalen er det vanleg at villrein kjem ned på vårbeite. Tilsvarande bruk kan ein og ha i lisidene kring dei andre prosjekta. Storagroe sine inntak ligg så nære veg at forstyrring frå vegen allereie truleg held dyr unna.

Om dei fire småkraftprosjekta

Alle dei fire aktuelle småkraftverka vil ligge i Teigdalen eller i sidedal til Teigdalen. Teigdalen er ein jordbruksdal som går nordover frå Evanger opp til Brekkhusfjellet, som er ein kort fjellovergang over til Nesheim i Eksingedalen. Dalen deler seg ved Brekke, i ein arm nordover der fylkesvegen ligg, og ein arm austover. Den austlege armen er kort, den delar seg vidare i Bjørndalen som svingar seg nordover og ein austleg arm som går over i eit smalt gjuv.

Storagroe kraftverk ligg inst i Teigdalen, nordafor delinga ved Brekke. Inntaket ligg på 480 moh (+/- 5 m) og eit sideinntak ligg i ei sideelv på ca. kote 500. Sideinntaket overførast via borehol ned til hovudinntaket. Hovudinntaket ligg like opp til Fylkesveg 313 som går gjennom Teigdalen og over til Eksingedalen, sideinntaket ligg kring 300 m frå vegen. Det er berekna anleggsveg til sideinntaket. Ny veg vert ikkje naudsynt til hovudinntaket. Området er allereie forstyrra pga fylkesvegen, og potensialet forkonflikt med rein er lågt.

Tverrelvi kraftverk vil få inntak på 680 moh. i ein bratt nordgåande sidedal til Teigdalen. Vassvegen er planlagt som boresjakt på 1000 m. frå inntaket og ned i låglandet, kor det vert nedgrave røyr dei siste

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

100 metrane ned til kraftstasjonen. Det planlagd veg fram til påhogget. Det er ikkje planlagd anleggsveg opp til inntaket. Inntaksområdet vil dekke 0,3 daa. I anleggsperioden vert det nytta eit areal på 2 daa. Søknaden og vedlagt rapport om biologisk mangfald nemner ikkje at inntaket ligg berre 20 høgdemetre nedanfor yttergrensa til Fjellheimen villreinområde. Sjansen for at det kan kome dyreflokkar i nærleiken er stor.

Bjørndalen kraftverk vil få inntak på 490 moh. i Bjørndalen. Bjørndalen er ein stølsdal og ein sidedal til den austlege armen av Teigdalen. I dalen går ein eksisterande veg inn til ein aktivt drive geitestøl. Vassvegen er planlagd som nedgrave røyr i 1,2 km. Dalen held fram oppover og inn i snaufjellet. Det er kjend at rein kjem ned i Bjørndalen på vårbeite. Høgsommar og haust vil det ikkje vere konflikt med rein. Tiltaket vil ikkje ha nokon verknad på rein i driftsfasen.

Togrovi kraft vil få hovudinntak i Lambagrovi på 525 moh, bekkeinntak i Togrovi på 570 moh og i Husagrovi på 670 moh. Togrovi skal overførast til Lambagrovi via ein 150 m lang open kanal fram til ein terrengterskel, frå enden av kanalen skal vatnet renne fritt ned i Lambagrovi. Husagrovi skal også overførast til Lambagrovi, gjennom ein 200 m lang kanal fram til ein terrengterskel, og vidare renne fritt i bratt lende ned til Lambagrovi. Inntaksdammen i Lambagrovi vert ca. 500 m² stor. Frå hovudinntaket går vassvegen direkte ned i eit borehol på 1050 m. Det er ikkje planlagd anleggsveg opp til inntaka. Arbeid ved inntak og samankoplingspunkt for borehol er planlagd veglaust, der transporten vert utført med helikopter. Tiltaket ligg innanfor bjørkeskogsbeltet nedanfor villreinområdet med lite menneskeleg forstyrning. Lisida frå og med tiltaksområdet og nordover er ein kjend plass for vårbeite, og er registrert i naturbase som beiteområde for rein.

Tiltaka i høve til villrein, trong for omsyn

Dei fysiske inngrepa frå prosjekta vil verte punkttiltak utan store arealbeslag. Dei planlagde kanalane er høvesvis korte (150 og 200 meter), og kryssar ikkje konkrete trekkruoter. Det er ikkje kjent at rein reagerer på mindre, faste installasjonar. Inngrep som medfører auka menneskeleg ferdsel kan derimot være konfliktfylt i høve rein. I driftsfasen vert det viktig å ta omsyn til rein i høve tidspunkt for tilsyn, spesielt bør ein unngå helikopter dersom det er simler med kalv på vårbeite i nærleiken. Ved vintertilsyn bør det takast omsyn til villrein unngå hyppige skuterturar i vinterbeite.

Den største potensielle konflikten er knytt til anleggsperioden. Det er viktig å ikkje uroe rein på beite, særleg vil fostringsflokkar (ungdyr og simler med kalv) være sårbare for uroing. Tverrelvi og Togrovi er planlagd utan anleggsveg, og utstyr og materiell skal transporterast opp til inntaka med helikopter. Flyginga bør ikkje gjennomførast når det er dyr i området. Generelt vil me fråå anleggstart i dei fjellnære områda før midtsommar. Unnataket her er for Storagroe, som ligg så nære trafikkert veg at potensiale for bruk til vårbeite er lægre. For Tverrelvi og Togrovi ligg øvste inntaka så høgt at ein bør være merksam på rein også seinare på året, med anleggstogg dersom det kjem rein i nærleiken.

I høve til villrein ligg prosjekta nære kvarandre. Dersom anleggsarbeid i alle prosjekta går føre seg samstundes vil det skape uro over eit stort område sett frå dyra sin side. Det kan verte dei same flokkane som vert uroa på fleire plassar pga villreinen sin nomadiske åtferd. Spørsmålet om samla belastning vert soleis viktig når ein vurderar tiltaka sin konsekvens for villrein.

Villreinnemnda vil be om særlege omsyn til rein i alle prosjekta, med slike krav til landskaps- og miljøplanane for prosjekta:

- omsyn til rein under anleggsperioden, med tilpassing i tid slik at ein unngår anleggsarbeid i dei periodane reinen nyttar område ved eller nær inntaket. Med unnatak av Storagroe bør arbeidet med inntaka ikkje starte opp før St. Hans. Det er særleg viktig å unngå helikoptertransport medan det kan finnast simler med kalvar i området.
- krav om anleggstogg dersom det trekk rein inn mot anleggsområdet, med stans fram til dyra trekk ut att.
- tiltakshavar bør syte føre ekstra fjelloppsyn i området før anleggstart og undervegs for å kunne følgje med på reinens områdebruk og mogleggjere varsling.
- unngå nye vegar som kan generere ny eller auka ferdsel inn til fjellområde som no er rolege og lite forstyrta. Det er ikkje søkt om nye vegar til inntaka med unnatak av ein 300 m lang veg til sideinntak i Storagroe. Dette er positivt, og lyt stå fast i konsesjonane. Rørygater bør ikkje få ligge som anleggsveg i ettertid, men få gro til med naturleg vegetasjon.

Sekretariatsadresse:

Siri Bøthun Naturforvaltning
Fresvikvegen 995, 6896 Fresvik
post@sbnatur.no / 975 14 784

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

- fastsetje rutinar i høve tilsyn med inntaket som tek omsyn til rein, m.a. ved å unngå helikopterflyging i periodar der dyr nyttar området og skutertransport gjennom sårbare område vinter og vår

Med helsing Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd

leiar

Lars Nesse

sekretariat

Siri Wølneberg Bøthun

Kopi til:

Fjellheimen villreinutval
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Voss kommune